

Rettleiing for søknad om registrering av ansvarsmerke

Skjemaet gjeld

Skjemaet gjeld registrering av ansvarsmerke for merking av gull-, sølv- og platinavarer (som før blei kalla stemplingsmerke). Ei vare av gull, sølv eller platina som blir påført ein finleiksstandard (for eksempel 830), skal òg påførast eit ansvarsmerke. Det er obligatorisk å registrere ansvarsmerket, det vil seie at det ikkje kan påførast varene før det er registrert hos Patentstyret.

Type ansvarsmerke

Merket kan bestå av ulike element, for eksempel eit ord, ein figur eller ein kombinasjon av ord og figur.

Søkjaren

Alle kan søkje om registrering av ansvarsmerke (både fysiske personar og føretak).

Kontaktperson

Skriv opp namn og telefonnummer til den personen Patentstyret skal vende seg til/korrespondere med. Dette kan vere søkjaren, ein kontaktperson i eit føretak eller den fullmektigen som har ansvaret for saka. Her kan du også føre opp ein eventuell referanse.

Fullmektig

Denne rubrikken skal berre fyllast ut dersom du har oppnemnt ein fullmektig til å representere deg i denne saka. Har du oppnemd fullmektig, vil fullmektigen si adresse vere korrespondanseadresse, med mindre Patentstyret får melding om anna. Ein fullmektig kan vere eit patent- eller advokatkontor eller ein privatperson.

Merket

Ønskjer du å registrere fleire ansvarsmerke samtidig, må du sende inn ein eigen søknad for kvart einskilt merke. Dersom du ønskjer å registrere eit **ordmerke**, set du merket inn i feltet som er sett av for dette - anten ved å skrive det inn direkte i feltet for ordmerket (med maskin eller for hand) eller ved å lime inn ei avbilding i feltet for å vise merket. Det er viktig å vise merket slik at det går klart fram om det skal vere mellomrom mellom bokstavar og ord. Kryss av i ruta for at du ønskjer å registrere merket som eit ordmerke. Gjeld søknaden eit ordmerke, vil det ved registreringa bli kunngjort med den skrifttypen Patentstyret har fastsett. Eit **kombinert merke** inneheld både ord/tekst og grafiske element. Eksempel på eit kombinert merke er ein logo. Eit reint **figurmerke** består berre av figur/logo og inga ordelement. Fest ei avbilding av merket i ramma til høgre. Legg ved ein identisk kopi av merket i tillegg til eksemplaret som er limt på søknadsskjemaet. Desse avbildingane må ikkje vere over 8 x 8 cm.

Vedlegg

Sjå rettleiinga til feltet "Merket".

Fullmaktsdokumentet: Ei fullmakt er eit dokument som viser at du har gitt ein annan rett til å opptre på dine vegner. Hugs å skrive namnet ditt, kva fullmakta gjeld, og namnet til fullmektigen. Dersom fullmakta blir innlevert med ein gong, blir det ikkje fare for forseinkingar i saksbehandlinga i samband med dette.

Dato og underskrift

Den som står som søkjar, må skrive under. Er søkjaren representert ved ein fullmektig, kan han/ho skrive under søknaden. Er søkjaren eit føretak, skal ein representant signere på vegner av føretaket. Namnet på føretaket (søkjar eller fullmektig) skal du òg skrive her.

Rettleiing for søknad om registrering av ansvarsmerke

Personopplysningar

Styrelova og patent-/design-/varemerkelova krev at ein sender inn visse personopplysningar. Patentstyret behandlar desse opplysningane med elektroniske hjelpemiddel i samband med registrering og journalføring i dei registra vi administrerer. Eit av formåla med registreringa og journalføringa av personopplysningar er at innehavarane skal kunne bevise overfor tredjemenn at dei er innehavar av retten. Opplysningane er offentlege og vil bli utleverte blant anna i samband med førespurnader om utskrift frå registeret. Opplysningane vil også bli gjorde tilgjengelege for andre, for eksempel ved online oppkopling mot basen. Når det blir kravd, vil Patentstyret rette feil og gi innsyn i alle personopplysningar som er førte inn om einskildpersonar.

E-post/telefaks

Merk at dersom du leverer søknaden per e-post/telefaks må du ettersende originalen. Vi oppfordrar til avgrensa bruk av e-post/telefaks.

YTTERLEGARE INFORMASJON

Gebyr

Søknadsgebyret blir fakturert, og må vere innbetalt innan den fristen som står på fakturaen. Søknadsbehandlinga byrjar først når vi har motteke betalinga. Sjå patentstyret.no.

Rettar som andre har

Det er også viktig å vite at du sjølv har ansvaret for å unngå å krenkje rettane til andre (andre ansvarsmerke, varemerke, føretaknamn, opphavsrett osv.). Patentstyret undersøker om søknaden din krenkjer tidlegare registrerte merke i registeret vårt (ansvarsmerke og varemerke).

Kontakt Patentstyret

Har du spørsmål, er du velkommen til å kontakte Patentstyret for å få meir informasjon på tlf. 22 38 73 00 eller e-postadressa: post@patentstyret.no.

Forretningsløyndomar

Du kan be om at forretningsløyndomar ikkje vert offentleggjorde. Ei slik oppmoding må vere skriftleg. I tillegg må du tydeleg markere kva for opplysingar i dokumentet som du ikkje vil at vi skal offentleggjere. Vi vil deretter vurdere om vi kan unnlate å offentleggjere opplysningane.